



Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/874 - 17/15940

Saksbehandlar:
Lisbeth Toppe Alvær
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:
22.12.2017

Tilbakemelding tilsynsrapport Radøy kommune

Viser til brev 11.10.17 ang. pålegg i samband med tilsyn. Kommunen har fulgt opp pålegg med frist 31.12.17 på følgjande måte:

Pålegg – kjemisk helsefare –plan med tiltak for å hindre/reducere kjemisk eksponering

Bedriftshelseteneta SALUTIS har bistått kommunen med risikovurdering og handlingsplan for å hindre/reducere kjemisk eksponering av brannmannskap. Handlingsplanen for 2017 er lagt ved, og risikovurdering er tidlegare sendt over. Fleire av tiltaka i handlingsplanen har eit økonomisk omfang som gjorde det naudsynt å innarbeide desse i budsjett for 2018 og økonomiplan.

I den samanheng har kommunen fått bistand frå SWECO for å vurdere tilstand, mulighet for ombygging og gi kostnadsoverslag for oppgradering av dagens brannstasjon iht lov og forskriftskrav. Konklusjonen frå SWECO var at det ikkje vil være mogleg å imøtekomme krava innanfor noverande disponibelt areal. På denne bakgrunn gjorde rådmannen framlegg om å løyve kr 200 000 til strakstiltak i 2018, og at arbeidet med å planleggje og leggje til rette for etablering av ny brannstasjon vert starta i 2018 (jf. s. 16 i budsjettdokumentet).

Vidare er det sett av kr 13 000 000 til bygging av ny brannstasjon i økonomiplanen, jf. s 20-21 i budsjettdokumentet. Bakgrunnen for at det ikkje vart sett av midlar til bygging av ny brannstasjon i 2018 er at det er behov for ny reguleringsplan mm før arbeidet kan settast igong. Budsjett og økonomiplan vart vedtatt i kommunestyret 07.12.17.

På bakgrunn av etablering av nye Alver kommune (Radøy, Lindås og Meland) fom 01.01.20, vil Radøy brannvern slås saman med Lindås, Meland og Modalen brann og redning, med planlagt verknad fom 01.01.19.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær

kommunalsjef drift og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Budsjett 2018 rådmannen sitt framlegg__

Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21

Kopi til:

Stein Ove Valdersnes

Trond Atle Ohnstad

Mottakrar:

Arbeidstilsynet

Postboks 4720 Sluppen

7468

TRONDHEIM